

Stavangerensemblat kjem pinseaftan....

24.08.2007

Det er no klart at det vellukka arrangementet på Dønhaug sist laurdag blir den siste låvedansen denne sesongen. Men dei som har sett fram til låvedans med Stavangerensemblat, skal få ønsket sitt oppfylt neste sesong.

Magne Huglen kan fortelja at han allereie er i gang med planlegginga av komande sesong. Det er no klart at den populære Stavanger-gruppa kjem og spelar til dans på låven pinseaftan, 10. mai. Same kveld vil dei og booka eit band til, så då skulle det liggja til rette for ein folksam kveld med god stemning på Dønhaug.

Elles kan Dønhaugverten melda om at han også arbeider med andre spennande ting som enno ikkje er heilt i boks.

Tekst: Thor Inge Døssland.